



DEN NORSKE KYRKJA

Leveld, Torpo og Ål sokneråd

Møtebok

Leveld, Torpo og Ål sokneråd
Ål, Møte 28.4.2026

Møtestart: Kl 16.30 Ål kyrkjestugu
Møteslutt: Kl 18.10

Til stade:

Medlemmer: Liv A. Solberg (Leveld), Inger Haug (Leveld), Kari Kristine Flatland (Torpo), Frøydis Stoveland Dekko (Torpo), Ingrid K. Hajem (Ål), Anne Kjersti Frøyen (Ål), Audun Vestenfor (Ål), Marianne Bergsjø Gammelsæter (sokneprest).
Varamedlem: Wenche Skår-Ekse (vara Ål).
Andre: Kristoffer Krohn Sævre, sekretær
Forfall: Arild Øystese Hansen (Ål).

Opning v/ Kristoffer Krohn Sævre

SAKSLISTE:

SR-sak 18/26: Godkjenning av referat frå møtet 3.3.26 og innkalling 28.4.26
SR-sak 19/26: Redaksjonskomité jubileumsbok
SR-sak 20/26: Høyring prostistruktur
SR-sak 21/26: Fellesgudsteneste med Egil Svartdahl
SR-sak 22/26: Hallingdal måleklubb i Borgstugu
SR-sak 23/26: Dugnad
SR-sak 24/26: Orienteringssaker
SR-sak 25/26: Open post frå sokneprest

Frøydis Stoveland Dekko
Leiar

Kristoffer Krohn Sævre
Kyrkjeverje

SR-sak 18/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 3.3.26 OG MØTEINNKALLING 28.4.26

Saksdokument:

[Protokoll soknerådet i Leveld, Torpo og Ål 3.3.26.pdf](#)

Saksopplysningar:

Møtebok frå møtet i Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 3.3.2026 vert lagt fram for eventuelle korrigeringar og til godkjenning.

Møteinnkallinga for møtet 28.4.2026 er lagt fram for godkjenning.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 28.4.2026

VEDTAK:

Leveld, Torpo og Ål sokneråd godkjenner møteboka frå 3.3.2026.
Leveld, Torpo og Ål sokneråd godkjenner innkallinga til møtet 28.4.2026.

SR-sak 19/26: REDAKSJONSKOMITÉ JUBILEUMSBOK

Saksopplysningar:

Medlemar i redaksjonskomiteen for jubileumsbok 2030 deltok i soknerådsmøtet med ei oppdatering om arbeidet. Komiteen er godt i gong og har allereie fleire bidragsytarar som har forplikta seg til å skrive kapittel og innhald til boka. Komiteen ser eit behov for å skilje mellom 1000-årsjubileet og jubileumsbok; komiteen har ansvar for boka, ikkje 1000-årsjubileet. Redaksjonsnemnda tar ansvar for boka, men ikkje økonomien.

Det er behov for å jobbe med planlegging og gjennomføring av jubileet, og det anbefalast å søkje om midlar til gjennomføring, og om mogeleg for å kunne løne ein prosjektleiar i liten stilling. Soknerådet må identifisere ressurspersonar til dette, og treng innspel og tips til kor me kan søke. Det trengs å kome i gang ganske raskt.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 28.4.2026

VEDTAK:

Soknerådet takker redaksjonskomiteen for orienteringa og for det gode arbeidet som er i gong. Soknerådet ber AU om å jobbe med ein framdriftsplan innan neste soknerådsmøte.

SR-sak 20/26: HØYRING PROSTISTRUKTUR

Saksdokument:

Høyring prostistruktur Tunsberg bispedømme april 2026

Saksopplysningar:

Høyringsgruppa har utarbeida respons til høyringa angående prostistrukturen i Tunsberg bispedøme. Høyringsgruppa ser det ikkje ynskjeleg eller hensiktsmessig å slå saman Ringerike og Hallingdal prosti.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 28.4.2026

VEDTAK:

Soknerådet ser det ikkje ynskjeleg eller hensiktsmessig å slå saman Ringerike og Hallingdal prosti. Soknerådet vedtek høyringsresponsen som presentert og ber kyrkjeverja formidle den til bispedømerådet innan fristen 1. mai.

SR-sak 21/26: FELLES MØTEHELG MED EGIL SVARTDAHL

Saksopplysningar:

Det vert planlagt felles møtehelg og gudsteneste med Egil Svartdahl helga 13.-15. november og soknerådet vert med som med-arrangør. Det må avklarast med prost om det skal vere andre gudstenester i prostiet den sundagen. Det er kome forslag om at kvar forsamling/kyrkje bidreg med anslagsvis 3-5000 kroner til å dekke utgifter.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 28.4.2026

VEDTAK:

Soknerådet støtter initiativet og ber komiteen vurdere om søndagsgudstenesta kan finne stad i eit kyrkjebygg. Soknerådet vil bidra økonomisk med inntil 5000 kroner.

SR-sak 22/26: HALLINGDAL MÅLEKLUBB I BORGSTUGU

Saksopplysningar:

Medlemar i Hallingdal måleklubb v/Liv Daykin spør om høve til å bruke Borgstugu som plass til å måle og til å kunne lagra utstyr, og tidvis ha opne utstillingar av bileta deira. Dei vil gjerne samarbeide med andre som kan ha nytta av lokala. Dei synest Borgstugu har potensial til å bli meir brukt, og tilbyr å bidra med å halde arealet og uteområde i stand. Dei er innstilt på dialog angående kostnadar knytt til husleige, straum og kommunale avgifter. Speidaren skal framleis kunne bruke huset parallelt med måleklubben.

Dei siste to åra har Borgstugu vorte noko brukt av Nedre-Ål skule til enkeltelevar, samt noko av Speidaren. Kyrkjevevja har denne månaden vore i kontakt med skuleverket i Ål, og Kommunalsjef oppvekst har respondert at Borgstugu har ideell plassering, men at det er i for dårleg stand til at skulene kan nytte seg av lokala til elevar. Borgstugu driftes av Ål kyrkjelege fellesråd, men er formelt sett eid av DnK Eigedom. Forvaltningssjef Ausland i DnK Eigedom inviterer til dialog om nødvendig vedlikehald og oppgradering og antydgar at dei er villige til å ta kostnaden.

Kyrkjevevja tilrår at måleklubben får høve til å bruke Borgstugu til ein fornuftig utleigepris inntil me eventuelt definerer anna behov for lokala.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 28.4.2026

VEDTAK:

Soknerådet støtter initiativet frå Hallingdal måleklubb og ber kyrkjevevja om å gjere vurderingane og dialogen knytt til vilkår. Soknerådet oppmuntrar DnK Eiendom AS til å bidra med nødvendige oppgraderingar i eit historisk hus med svært god plassering, sidan huset har betydelege behov.

SR-sak 23/26: DUGNAD

Saksframlegg:

Det er tid for dugnad på kyrkjegardane. Torpo og Leveld pleier å ha laurdag som dugnadsdag. Staben foreslår 9. mai på Torpo, og spør soknerådet om det er aktuelt med 16. mai eller 13. mai i Leveld. For Ål kyrkjegard foreslår staben tysdag 5. mai. Staben vil sørge for annonsering i Hallingdølen og ber soknerådet om å setje datoar.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 28.4.2026

VEDTAK:

Soknerådet vedtek dugnad i Torpo laurdag 9. mai frå kl 10 og dugnad i Leveld onsdag 20. mai frå kl 16 og dugnad i Ål torsdag 7. mai frå kl 17. Soknerådet oppmuntrar frivillige i kyrkjelyden til å ta del og vil sørge for enkel servering under dugnadene. Staben bes om å sørge for annonse i Hallingdølen.

SR-sak 24/26: ORIENTERINGSSAKER

Saksframlegg:

- 1) Fasteaksjonen 2026 i Leveld, Torpo og Ål sokn samla inn til saman 36,051 kr til Kirkens Nødhjelp.
- 2) Orientering frå konfirmannturen til Voss 24.-26. april.
- 3) BUK skal arrangerast i juni i veke 26 og treng både ansvarleg og frivillige.
- 4) Ottar Stølen har formidla dokumenter frå restaureringa i 1959 til arkivering i kyrkjekontoret.

5) Referat frå sist møte i Tunsberg bispedømmeråd finn de her: [Protokoll Tunsberg bispedømmeråd 03.03.2026](#)

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 28.4.2026

VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringane.

SR-sak 25/26: OPEN POST FRÅ SOKNEPRESTEN

Saksframlegg:

Soknepresten vil få ein fast open post i soknerådsmøta.

- Gudstenester: Etablert ein komité for kveldsmesser. Gudstenestekabalen for hausten blir sett så snart Camilla er tilbake frå permisjon.

- Fått positive signal frå fleire til utsmykkingskomité.

- Konfirmasjonsdatoar 2027 foreslås å enten fordele på 2 helgar i mai og juni (22.-23. mai + 5.-6. juni) slik som i 2026, eller å samle alt Kristi Himmelfart-helga 6.-9. mai. Datoar må koordinerast med Hol og ny kapellan. Det kom innspel om at mai-helga blir midt i lamming. Soknerådet anbefaler ikkje alt på ein helg, men ber staben om å definere endelege datoar.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 28.4.2026

VEDTAK:

Soknerådet takkar soknepresten for orienteringane.

Neste møte: 16. juni 2026